



## Notat

**Vår ref.**

16/495/FE - 210/1272/70258825

**Dato:**

14.11.2016

### **Vedlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020. Tiltak for å redusere driftsutgiftene**

Rådmannen har utarbeidd forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. I forslaget er det eit gap mellom ramme og samla behov for å halde fram med drifta på dagens nivå på kr. 10.164.000,-. Dette gapet kjem i tillegg til tidlegare vedtatt reduksjonar i drifta. Ei viktig årsak til dette store avviket er at inntektene frå eigedomsskatten vil gå ned med 6 millionar i 2017. Dette er nye opplysningar og rådmannen hadde ikkje mogelegheit til å omarbeide budsjettet på so kort tid at ein har eit forslag til budsjett som er i balanse. Samstundes har kommunestyret tidlegare gjort ulike vedtak som legg sterke føringar på korleis den kommunale tenestestrukturen i Norddal skal vere. Dette er føringar som no må vurderast på nytt jamfør endra økonomiske rammer.

Norddal formannskap handsama rådmannens forslag i møte 7. november og gjorde vedtak om ta forslaget «foreløpig til orientering». Dette vart gjort samrøystes. Det vart ikkje gjort vedtak utover dette. Det er likevel ei klar forventning frå formannskapet at rådmannen legg fram eit budsjett i balanse når formannskapet skal handsame budsjett på nytt 28. november. Det vert difor utarbeidd eit vedlegg til budsjettsaka som i tekst og tal peiker på aktuelle tiltak for å få balanse mellom inntekter og utgifter. I dette vedlegget er det lagt vekt på å sjå på kommuneøkonomien i heile økonomiplanperioden for å sikre at Norddal kommune har ein sunn økonomi som sikrar at ein stend godt rusta til å sikre gode tenester og ikkje vert definert som ei «Robek-kommune» og dermed fråtatt sjølvråderetten over økonomien. Dette må også sjåast i lys av kommunestyret sitt vedtak om å halde fram som sjølvstendig kommune som i dag. I dei vurderingane er mellom anna kommuneøkonomi og kommunen si evne til å yte gode tenester viktige moment.

I dette notatet er fleire ulike tiltak for å balansere drifta omtalt i tekst og tal. I tillegg til dette notatet er det utarbeidd eit eige rekneark som syner den økonomiske effekten for kvart år og for økonomiplanperioden. Rådmannen vil understreke alvoret i den økonomiske situasjonen for Norddal kommune og rår kommunestyret til å gjere klare prioriteringar som sikrar at Norddal kommune kan syte for sine forpliktingar på kort og lang sikt. I desse vurderinga må det også takast omsyn til signal frå regjeringa som signaliserer ei omprioritering frå

distriktskommunar til kommunar som veks i folketal og som har utfordringar med kapasiteten på kommunale tenester. I tillegg er det klare signal på at skatteinntektene frå aktivitet knytt til kraftproduksjon vil halde fram med å gå ned også etter 2017.

### **Føringar:**

For dette notatet har rådmannen lagt følgjande føringar til grunn:

- Norddal kommune skal i løpet av økonomiplanperioden ha balanse mellom inntekter og driftsutgifter.
- I løpet av økonomiplanperioden skal det settast av til driftsfond.
- Norddal kommune skal i økonomiplanperioden aktivt prioritere kommunale primæroppgåver framfor øvrige tiltak.

### **Mål:**

I løpet av økonomiplanperioden 2017 – 2020 skal Norddal kommune ha balanse mellom inntekter og driftsutgifter og sikre at ein på ein forutsigbar og trygg måte kan ta i vare sin forpliktingar ovanfor innbyggjarar, samarbeidspartar og tilsette.

## *Forslag til tiltak*

### **1. Innføring av eigedomsskatt på hus og hytter.**

Norddal kommune har i dag eigedomsskatt på verker og bruk, men ikkje på hus og hytter. Arbeidet med innføring av eigedomsskatt er ei omfattande oppgåve som fører til mykje arbeid knytt til registrering, taksering og klagebehandling. Til dette må det nyttast ekstern konsulent. Dette arbeidet vil koste 1,5-2 millionar i 2017. Dersom ein innfører ein slik skatt vil det gi auka inntekter som kan trappast opp. Regelverket er slik at ein ved innføring må starte på lågaste sats som er 2 promille. Dette vil gi ei inntekt på ca. 2,2 millionar i 2018, ca. 4,4 millionar i 2019 og ca. 6,6 millionar i 2020 og vidare utover i åra som kjem.

### **2. Fellestenester**

Norddal kommune har ein fast avtale med Storfjordnytt om annonsering. Oppseiing av avtalen kan gi ei innsparing på omlag kr 100.000 i året. Det aller meste av annonsering vil dermed vere på Norddal kommune si heimeside.

I tillegg til allereie budsjettert nedbemanning med 1 årsverk frå 2017, kan det vere mogleg å redusere bemanninga med ytterlegare med 0,7 årsverk, dette er relatert til deltidstillingar. Dette føreset ein grundig gjennomgang av oppgåver som skal vidareførast/ev. opphøyre. I sum kan dette gi ei netto innsparing på kr 300.000 i 2017, og kr 390.000 fom. 2018.

### **3. Ein felles ungdomsskule.**

Frå og med august 2017 vert det ein felles ungdomsskule i Norddal kommune. Denne vert lokalisert i Valldal. Skulen i Valldal er stor nok til å huse elevane frå Eidsdal utan at det vil utløyse behov for bygningsmessige endringar. Dette tiltaket vil heller ikkje utløyse klassesdeling og behov for auka pedagogisk personale. Samla vil dette tiltaket gi ei netto årleg innsparing på 2 millionar, då er auka kostnader til skyss rekna med. Dette tiltaket vil heller ikkje ta vekk moglegheita for at elevar ved Liabygda skule kan få plass dersom det vert aktuelt. Skjerpa krav til kompetanse vil føre til store krav til Norddal kommune som arbeidsgjevar og skuleeigar. Med dei nye krava til kompetanse og utfordringar med å rekruttere kvalifisert tilsette, ser rådmannen det som særst vanskeleg å oppretthalde to skular som i dag. Dette gjeld uavhengig av kommuneøkonomi.

#### **4. Flytte barnehagen i Norddal til Eidsdal.**

Barnehagen er i dag lokalisert til skulen i Norddal. Ved barnehagen er det i dag 17 born. Av desse har om lag 5 adresse i Norddal, dei andre bur andre stadar og vert køyrt til og frå. Når ungdomsskulen vert flytta til Valldal vert det ledig lokaler ved Eidsdal skule som kan nyttast som barnehage. Det må likevel gjerast bygningsmessige endringar noko som er stipulert til å koste om lag 200.000 i 2017. Samstundes vil ei flytting gi innsparingar i form av betre personalutnytting, reduserte kostnader til knytt til bygg mv. Samla vil den årlege innsparinga utgjere om lag 250.000,- frå og med 2018.

#### **5. Biblioteket i Eidsdal vert lagt til Eidsdal skule.**

Biblioteket i Eidsdal er i dag i Eidsdal sentrum i bygget som vert omtalt som «kommunehuset». Rådmannen ynskjer å flytte biblioteket til Eidsdal skule. Det vil betre driftssituasjonen og gjere det lettare å nytte personalressursar på ein meir effektiv og fleksibel måte samstundes som tilbodet om bibliotektenester vert ivaretatt. Avhengig av kva ein vel å gjere med bygget kan det gi ei samla innsparing på inntil kr. 150.000 frå og med 2017.

#### **6. Sal av bygning i Eidsdal.**

Når bibliotek i Eidsdal vert flytta til skulen har ikkje lenger Norddal kommune bruk for bygget som vert omtalt som «kommunehuset» i Eidsdal. For å unngå framtidige kostnader rår difor rådmannen til at bygget vert lagt ut for sal.

#### **7. Avvikling av SFO i Eidsdal.**

Det er eit lovkrav at alle kommuner skal ha SFO (skulefritidsordning). Men det er ikkje krav at det skal vere ved alle skular. I Norddal kommune er det SFO ved Valldal skule og ved Eidsdal skule. I vedtektene for SFO i Eidsdal heiter det at den skal avviklast dersom det er færre enn 8 elevar. Kommunestyret må gjere særskilt vedtak om å sjå vekk i frå denne regelen. Dei to siste åra har det vore 4 elevar ved Eidsdal SFO og rådmannen har tilrådd å avvike jf. vedtektene. Kommunestyret har gjort vedtak om å halde fram drifta. Avvikling av SFO i Eidsdal vil gi ei årleg netto innsparing på ca. kr.150.000,-.

#### **8. Feriestengt barnehage.**

I 2015 vart det utarbeidd nye vedtekter for barnehagane i Norddal kommune. Dette skjedde i nært samarbeid mellom kommuneadministrasjonen, barnehagane og deira samarbeidsutval. Ei viktig avklaring som vart tatt med i vedtektene var at ein stenger barnehagane dei to siste vekene i juli for å kunne ta ut ferie for dei tilsette på ein god måte. I desember 2015 vedtok kommunestyret at Norddal kommune skal tilby heilårleg barnehage tilbod. På grunn av at ferieavviklinga då vert strekt over ein lang periode vert dette eit dårleg pedagogisk tilbod og fører auka driftskostnader. Feriestengt barnehage vil gi ei årleg innsparing på om lag kr. 150.000,-.

#### **9. Avvikle Frivilligsentralen.**

I samband med nedbemanningprosessen hausten 2016 vart det gjort framlegg om å avvike Frivilligsentralen. Dette tiltaket vert fremma på nytt då kommunestyret må få høve til å vurdere dette tiltaket saman med andre tiltak då inntektene har blitt redusert monaleg sidan førre handsaming. Avvikling av Frivilligsentralen vil gi ei årleg innsparing på 400.000,- og er lagt inn i første utkast til budsjett.

#### **10. Kulturmidlar.**

Dersom ein vel å ikkje dele ut kulturmidlar i 2017 gir det ei innsparing på kr. 135.000,-. Ordninga der Norddal kommune dekkjer kostnaden med tilskotsportalen, der lag og organisasjonar kan søkje om tilskot og driftsmidlar, vert vidareført.

### **11. Kommunalt tilskot/spelemidler.**

Ikkje tildele kommunale tilskot/spelemidler. Innsparing i 2017 vert kr. 155.000,-.

### **12. Redusere opningstid for biblioteket i Valldal.**

Biblioteket i Valldal har ope 4 dagar i veka og er stengt onsdagar. Dersom ein held stengt ein dag til, dvs. reduserer opningstida til 3 dagar i veka vil det gi ei årleg innsparing på om lag 100.000,- kroner per år.

### **13. Redusere merkantil ressurs oppvekst.**

Reduksjon av merkantil personalressurs på om lag 20% stilling fordelt på dei ulike ansvar innan oppvekst og kultur. Årleg innsparing om lag kr. 120.000,-.

### **14. Redusere talet på sjukeheims plassar.**

Ved sjukeheimen i Valldal er det i dag 28 sjukeheims plassar. Dette har for relativt kort tid sidan blitt redusert frå 32 til 28. Ein sjukeheims plass kostar om lag 1 million per år og er den dyraste forma for pleie og omsorg kommunen har. Sett i høve til folketal og demografi er det mogeleg å redusere talet på sjukeheims plassar til 23. For å få dette til må det etablerast andre avbøtande tiltak i heimetenesta som krev tid. Netto innsparing vil vere oppunder 2 millionar per år frå og med 2018.

### **15. «God helse.»**

I samband med nedbemanninga i 2016 som no er i ferd med å bli avslutta, var det gjort framlegg om at tiltaket «God helse» blir stoppa og avvikla. Dette tiltaket blir tatt med i oversikten på nytt, då dei økonomiske føresetnadane er endra og kommunestyret må få høve til å vurdere dette på line med kutt i dei primære helsetilboda. Årleg innsparing vil vere kr.100.000,- frå 2018.

### **16. Flytting av Frivilligsentralen.**

Frivilligsentralen er i dag lokalisert i kraftverksbygget. Dersom ein vel å oppretthalde sentralen, omorganisere og flytte dagtilbodet for demente bør ein samstundes flytte Frivilligsentralen til biblioteket. Alle arbeidsoppgåvene ein har ved Frivilligsentralen kan utførast i biblioteket. Dette vil gi innsparingar i form av reduserte driftsutgifter ein har med drifta av lokala som ein i dag har ved Frivilligsentralen og Kraftsenteret. Samstundes vert det frigjort attraktivt plasserte lokale i sentrum som kan få anna bruk og gi inntekter eller reduserte kostnader andre stadar.

### **17. Sal av skulebygg i Norddal.**

Når barnehagen vert flytta frå Norddal har ikkje lenger Norddal kommune bruk for skulebygget. For å unngå framtidige kostnader rår difor rådmannen til at bygget vert lagt ut for sal.

## *Andre viktige moment:*

### **Valldal Fjernvarme.**

Norrdal kommune eig ca. 95% av Valldal Fjernvarme og har bidratt store summar til oppretting og drift av selskapet. Valldal Fjernvarme forsyner kommunale og private bygg i Valldal sentrum med fjernvarme til oppvarming. Dette selskapet har hatt store utfordringar. Dette er knytt til både tekniske driftsforhold og låge straumprisar. Dette har ført til selskapet ikkje klarer å tene pengar. Norrdal kommune har gitt tilsegn om ca. 3 millionar i driftskapital. Denne redusert med ca. 800.000 kr per år og det er grunn til å tru at Norrdal kommune framover vert utfordra økonomisk for å sikre drifta i Valldal Fjernvarme. Eventuelle slike

tilskot vert belasta direkte av Norddal kommune si drift. Sett i høve til Norddal kommune sin økonomiske utfordringar må det framover vurderast alle mogelege tiltak for selskapet for å sikre at dei kommunale primær oppgåvene vert prioritert framfor andre tiltak.

### **Tafjord Kraft og Skredsenter.**

Kraft og Skredsenteret vart opna i 2014. Tafjord Kraft og Norddal kommune har i partnerskap sørgja for det finansielle grunnlaget for senteret. Norddal kommune sitt bidrag har vore på i alt 5,3 millionar kroner til senteret. Dette har i si heilheit blitt tatt av kommunen sitt driftsbudsjett. Ein er kjent med senteret har låge besøkstall og reelle økonomiske utfordringar. Sett i høve til Norddal kommune sin vankelege økonomiske situasjon vil rådmannen rå til at det vert satt fokus på kommunen sine primær oppgåver og at dei vert prioritert framfor tilskot til andre formål i økonomiplanperioden.

### **Interkommunale samarbeid.**

Norrdal kommune er med i fleire ulike interkommunale samarbeid. Dette gjeld mellom anna barnevern, NAV, PPT, IKT mm. Bakgrunnen for desse er som regel grunnlagt med at det er behov for større fagmiljø enn det Norddal kommune kan få til aleine. I tillegg er det stordriftsfordeler som kan gi ein økonomisk gevinst. For fleire av desse samarbeida er Ålesund og Skodje vertskommune. Begge dei har gjort vedtak om samanslåing og det er soleis svært sannsynleg at dette vil påverke dei interkommunale samarbeida i innhald og økonomisk. Dette er viktige saker som handsamast etter at Stortinget gjer vedtak om kommunesamanslåing i juni 2017.

### **Tiltak for personar med særskilte behov:**

Ein ser aukande pågang i tenesta Tiltak personar nedsett funksjonsevne. Det blir lagt til grunn desse behova likevel skal kunne møtast innanfor den løyvd ramma med naudsynte tilpassingar.

### **Verdensarv:**

Norrdal kommune har mottatt søknad om kr. 100.000,- for deltaking i felles prosjekt om utarbeiding av felles besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling. Dette er eit fellesprosjekt i samråd med dei øvrige verdensarv kommunane. Søknaden er tidlegare avslått av næringsfondsstyret pga. lite midlar. Eit godt planverk er ein føresetnad for godt forvaltning av verdensarvområdet. Unesco omtalar effekten av reiseliv som den største trusselen mot verdensarven, men reiseliv er også viktig for lokal verdiskaping i Norddal kommune.

### **Tettstadprosjekt i Valldal:**

Det har over fleire år vore løyvd midlar til tettstadprosjekt i Valldal sentrum og det vore ein prosess med innleigd arkitekt og gjennomført folkemøter mm. Det er også løyvd eksterne midlar til prosjektet. Sett i høve til den økonomiske situasjonen er ein redd for at det ikkje vert rom for å gjennomføre aktuelle tiltak seinare. Ein bør difor vurdere om prosjektet skal først vidare då det vil belaste drifta på ulike vis seinare.

### **Behov for bustadar i Valldal sentrum:**

Det er behov for å etablere bustadar i Valldal sentrum som sikrar større mangfald og fleksibilitet i arbeidsmarknaden enn det ein har i dag. Dette er viktig med omsyn til å redusere utflytting og å sikre tilflytting. Det er også viktig for rekruttering av tilsette til Norddal kommune og andre arbeidsgjevarar. Det bør vere betre tilgang mindre husvære med eit til to soverom som er tilgjengeleg for sal og utleige. Norddal kommune har to fast tilsette legar i tillegg til turnuslege. Dei to faste har begge bustad i kommunal bustad i Vika. Dette er ikkje ei ideell plassering sett i høve til avstand til legekantoret i Valldal i samband med vakt og utrykking. Det er også mangelfull mobildekning i Vika. Det bør difor etablerast eigna bustadar for kommunelegane i Valldal sentrum og legebustaden i Vika bør seljast. Bustaden i Vika er

bygd i 2002 og vil innan få år ha behov for forholdsvis kostbart vedlikehald. Eit sal vi truleg berre bidra til delvis finansiering av to nye bustadar og ein må difor rekne med å nytte andre investeringsmidlar i tillegg.

### *Oppsummering og konklusjon:*

#### **Oppsummering:**

I dette notatet er det omtalt konkrete forslag til reduksjon av driftskostnader, samt peika på aktuelle saker som det må takast omsyn til i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan. Sjølv om dei omtalte forslaga er mange og til dels omfattande gir dei ikkje nok effekt til å få balanse i drifta. Vedlagt rekneark syner behov for innsparing og effekten av tiltaka.

#### **Konklusjon:**

Norrdal kommune har over år fått ein stadig vanskelegare driftsøkonomi. Dette skuldast fleire forhold, mellom anna ein stor nedgang i inntekter knytt til kraftproduksjon og ei omlegging av inntektssystemet til kommunane. Dette har i sum ført til at ein har hatt årlege meirforbruk og at driftsfondet no er oppbrukt. Denne situasjonen utfordrar alle delar av Norrdal kommune og set store krav til endrings- og omstillingsevne.

#### **Tilråding:**

Rådmannen vil rå til at kommunestyret vedtak alle dei omtalte tiltaka, pkt. 1- 17 i dette notatet. På den måten vil Norrdal kommune komme nærmare å få balanse i økonomien og kan konsolidere drifta med tanke på seinare behov for investeringar og endringar av drifta.

Med helsing

Tor Helge Stavdal  
rådmann